

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Fylkeshuset
Dato: 27. mars 2026
Klokkeslett: 09.00-12.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 20. mars 2026

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	2
Sak 10/26 Godkjenning av innkalling og saksliste	2
Sak 11/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 11.02.2026	2
Sak 12/26 Nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv 2025	2
Sak 13/26 Arealplanlegging og byvekstavtalen.....	3
Sak 14/26 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod	3
Sak 15/26 Handlingsprogram 2027-2029 – post 30.....	3
Sak 16/26 Overgang til reforhandla byvekstavtale - spørsmål til avklaring	4
Sak 17/26 Orientering om konkurråka tiltak i Miljøløftet.....	4
Sak 18/26 Skriftlege orienteringar, byvekstavtalen.....	4
Sak 19/26 Eventuelt, byvekstavtalen	5
Saksliste bypakke Bergen	5
Sak 20/26 Trafikk og inntekt	5
Sak 21/ 26 Skriftlege orienteringar, bypakke Bergen	5
Sak 22/26 Eventuelt, bypakke Bergen.....	5

Saksliste byveksttalen

Sak 10/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 11/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 11.02.2026

Sjå vedlegg 1

Vedlegg 1 er utkast til referat frå styringsgruppa sitt møte 11.02.2026.

Forslag til vedtak: Vedlagte referat frå møtet i styringsgruppa 11.02.2026 er godkjent.

Sak 12/26 Nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv 2025

Sjå vedlegg 2 og 2a

Denne saka samlar oppdaterte tal på bil- og kollektivtrafikk i avtaleområdet. Ei samla sak gjer det mogleg å sjå tala i samanheng. Saka bør også sjåast i samanheng med sak 20/26 i dette møtet, som omhandlar trafikk og inntekt gjennom bomstasjonane i Bergen.

I møtet vil Statens vegvesen presentere nye tal frå reisevaneundersøkinga og byindeksen., medan Skyss og Jernbanedirektoratet vil orientere om nye passasjertal for buss, båt, bybane og tog.

Med unntak av tal frå reisevaneundersøkinga (RVU) som først var klare 27. februar 2026, blei nøkkeltala også presenterte for prioriteringsrådet 20. februar 2026. Oppsummert blei følgjande resultat lagt fram:

- Reisetil frå Skyss viser ei auke i kollektivreiser på to prosent frå 2024 til 2025. Auken gjeld både på bybanen, buss og båt.
- Tal på togreiser mellom Bergen-Voss-Myrdal viser ein auke på 13 prosent frå 2024 til 2025, der størsteparten av endringa er knytt til Arnalokalen. Strekinga Bergen-Arna har den høgaste punktlegheta i landet, og VY Vest har den nest høgaste kundetilfredsheita i landet.
- Byindeksen viser at trafikknivået i 2025 var 2,2 prosent høgare enn i 2018. Snittet for dei siste tre åra viser ein auke på 0,6 prosent, og det er venta at snittet vil fortsette å stige. Byindeksen, som blir estimert ut frå definerte trafikkregistreringspunkt (trafikkteljingar), er hovudindikatoren for å følgje opp nullvekstmålet. Byindeksen blir publisert fortløpande på nettsidene til SVV her: [Trafikkutvikling | Statens vegvesen.](#)

Opinion AS gjennomfører Nasjonal reisevaneundersøkelse (RVU) på vegne av mellom anna Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet. I undersøkinga blir strukturerte intervju nytta som metode.

Oppsummert viser reisevaneundersøkinga følgjande:

- Del bilreiser går opp både nasjonalt og i dei store byområda. Undersøkinga viser at i Bergensområdet var det ein auke i reiser som bilfører – frå 44 til 47 prosent. Gåing og sykling gjekk ned, medan kollektivandelen heldt seg stabil på 18 prosent.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek informasjonen om nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv til orientering.

Sak 13/26 Arealplanlegging og byvekstvtalen

Sjå vedlegg 3

Areal er tema i byvekstvtalen og partane har forplikta seg til ulike tiltak. Anna kvart år blir det rapportert om utviklinga frå kommunane. Indikatorane skal måle om arealutviklinga går riktig veg sett i høve til målet om å ikkje ha vekst i personbiltrafikken (nullvekstmålet).

Statsforvaltar bad i april 2024 om status på ulike tema som er omtala i byvekstvtalen (sjå vedlegg 3). Alle kommunane har over tid presentert korleis dei har arbeidd med areal for prioriteringsrådet (tre presentasjonar i 2024, ein i 2025 og ein i 2026).

I dette møtet vil kommunane gi styringsgruppa korte presentasjonar korleis dei har arbeidd med arealtiltak så langt i byvekstvtaleperioden. Presentasjonane vil kunne gje styringsgruppa ei samla oversikt over korleis partane har arbeidd med arealtiltak.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek presentasjonane frå kommunane om korleis dei har arbeidd med arealtiltak i byvekstvtaleperioden, til orientering.

Sak 14/26 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod

Sjå vedlegg 4

Denne saka er ei oppfølging av tidlegare saker i styringsgruppa, mellom anna møtet den 12. mars 2025 der bruk av post 66 regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektiv vart handsama under sak 20/25. I dette møtet hadde kommunane Bjørnafjorden, Alver, Øygarden og Askøy merknad til saka. I merknaden bad kommunane om at det, i påvente av utbygging av BT5 for bybanen, blei vurdert om midlane kunne bli nytta til ekstra kollektivsatsing (buss) i Bergensområdet i 2026.

Vestland fylkeskommune foreslår i denne saka at heile det statlege tilskotet for 2026 på 136 mill. kroner (post 66 i regjeringa si bompenggeavtale) blir nytta til Bybanen, i tråd med tidlegare vedtak i styringsgruppa i Miljøløftet. Fylkeskommunen viser til at Bybanen gir høgast måloppnåing og at prosjektet Bybanen til Åsane no er i gong og har behov for midlar.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2026 (136 mill.) vert nytta som vist i vedlegget til saka.

Sak 15/26 Handlingsprogram 2027-2029 – post 30

Sjå vedlegg 5 og 5a

Saka er ei av fleire saker knytt til rullering av handlingsprogram 2027-2029 og innspel til statsbudsjett 2027. I dette møtet skal styringsgruppa vedta bruk av post 30-midlar til prosjekt på riksveg, og post 30(66) til prosjekt på kommunal- og fylkesveg. År 1 i handlingsprogrammet er Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjett 2027.

Saka har vore diskutert i prioriteringsrådet, og sakspapira inneheld eit forslag til innbyrdes prioritering av post 30-midlar.

Resten av handlingsprogrammet blir tema i neste møte, 24. april.

Ein prosjektportefølje over alle dei innspelte prosjekta ligg ved (vedlegg 5a). Denne inneheld alle prosjekt som er spelt inn i Miljøløftet, uavhengig om dei er aktuelle for kommande handlingsprogram eller for seinare rulleringar.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til Miljøløftet sin bruk av post 30-midlar i handlingsprogram 2027-2029, i tråd med saksframlegg og eventuelle endringar som kjem i møtet. År 1 i handlingsprogrammet (2027) blir Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2026. Styringsgruppa sluttar seg til den innbyrdes prioriteringa av post 30-prosjekta som er foreslått i saka.

Samla handlingsprogram 2027-2029 blir handsama i neste møte.

Sak 16/26 Overgang til reforhandla byvekstavtale - spørsmål til avklaring

Sjå vedlegg 6 og 6 b

Prioriteringsrådet har i to møte (26.januar og 20.februar 2026) drøfta tema som dei meiner det er viktig å be staten ved Samferdselsdepartementet og Kommunaldepartementet å avklare, eventuelt i politisk styringsgruppemøte om avklaringar ikkje kjem før dette. I denne saka summerer sekretariatet opp dei utfordringane som har blitt peika på.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa ber om at staten ved Samferdselsdepartementet og Kommunaldepartementet gir nærare avklaringar knytt til overgangen til reforhandla byvekstavtale i politisk styringsgruppemøte 14. april.

Styringsgruppa ber om å få avklart i kva omfang partane kan planlegge prosjekt for perioden etter 2029, i ein situasjon der eksisterande avtale ikkje er reforhandla.

Sak 17/26 Orientering om konkurståka tiltak i Miljøløftet

Sjå vedlegg 7

To fylkeskommunale tiltak i Miljøløftet er råka av konkursen for Bertelsen & Garpestad AS. Dette gjeld Kleppevegen ved Myrane på Askøy og Hatvikvegen i Bjørnafjorden. Konkursen vil få konsekvens for tidspunkt for endeleg ferdigstilling av Hatvikvegen og truleg for kostnadene i tiltaka.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering. Fylkeskommunen vil komme attende til Miljøløftet når det ligg føre meir informasjon og oversyn over konsekvensar knytt til konkursen, gjennom ordinær rapportering, eventuelt i eiga sak.

Sak 18/26 Skriftlege orienteringar, byvekstavtalen

Sjå vedlegg 8

På dette punktet i sakslista vil orienteringane ikkje bli nærmare presenterte, men gå fram av møtedokumentet. Partane kan ved behov stille spørsmål til eller kommentere dei skriftlege orienteringane.

Innkalling til politisk styringsgruppemøte

Det blir møte i den politisk styringsgruppa i Miljøløftet 14. april (sjå vedlegg 8). Partane kan sende inn eventuelle innspel til agenda til sekretariatet i Miljøløftet innan 7. april. Om ønskjeleg kan også innspel drøftast i møtet. Avhengig av styringsgruppa sitt vedtak i sak

16/26 *Overgang til reforhandla byvekstavtale - spørsmål til avklaring*, vil sekretariatet melde inn sak til politisk styringsgruppemøte basert på eventuelle innspel og vedtak i møtet.

Sak 19/26 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 20/26 Trafikk og inntekt

I denne saka vil Vestland fylkeskommune presentere tal for trafikk og inntekt i Bypakke Bergen for 2025. Tala viser ein auke i trafikkvolum på 2,3 prosent samanlikna med 2024. Gjennomsnittsinntekt per passering var 11,68 kroner.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 21/ 26 Skriftlege orienteringar, bypakke Bergen

Sjå vedlegg 9 og 9a

På dette punktet i sakslista vil orienteringane ikkje bli nærmare presenterte, men gå fram i form av skriftlege vedlegg. Partane kan ved behov stille spørsmål til eller kommentere dei skriftlege orienteringane.

I dette møtet legg vi fram følgjande dokument som ei skriftleg orientering til styringsgruppa:

- *Takstvedtak for høyerer miljødifferensierte takster for nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 i Bypakke Bergen, Statens vegvesen 16.2.2026*

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek den skriftlege orienteringa til orientering.

Sak 22/26 Eventuelt, bypakke Bergen